

Eirik Aakre Svensson  
Ture Nermans Vei 9  
5143 Fyllingsdalen

---

<b>Dato</b>	21.03.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/3140-2
<b>Deres referanse</b>	
<b>Saksbehandler</b>	Malene Utkilen
<b>E-post</b>	Malene.Utkilen@vlfk.no
<b>Telefon</b>	94172524

## Løyve på vilkår - avkøyrslø - fv. 567 - gnr 106 bnr 53 m.fl - Osterøyvegen 3356 - Osterøy kommune

Vi viser til søknad av 03.11.2021 og tilleggsinformasjon i brev av 21.12.2021. I tillegg viser vi til vår førebelse tilbakemelding i brev av 07.12.2021.

### Saka gjeld

Søknaden gjeld ny avkøyrslø frå fylkesveg 567 Osterøyvegen til eksisterande einebustad. Eigedomen har ikkje avkøyrslø i dag. Vi sendte ei førebels tilbakemelding der vi bad dykk om å flytte avkøyrslø om lag 20 meter lengre aust, for å unngå x-kryss med den kommunale vegen. Vi har fått tilsvar på dette der de grunnjev den ønska plasseringa. På bakgrunn av dei nye momenta har vi gjort ei ny vurdering og konkludert med at vi kan gi løyve på vilkår til avkøyrslø slik de har søkt om.

Vi minner om at de ikkje kan ta i bruk avkøyrslø før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune. Når de har opparbeidd avkøyrslø må de ta kontakt med Vestland fylkeskommune. Dersom avkøyrslø er opparbeidd i tråd med vilkåra i løyvet vil vi gi endeleg godkjenning til bruk.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til etablering av avkøyrslø frå fylkesveg 567 Osterøyvegen til eigedomen gnr. 106 bnr. 53 i Osterøy kommune.

Avkøyrslø er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslø fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

### Vilkår for løyvet

1. Avkøyrslø skal vera plassert i samsvar med vedlagt situasjonsplan. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrslø*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld avkøyrslø til ein einebustad.
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentlig veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslø, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

5. Dersom avkøyrsla går over ei veggroft, må det leggjast eit røyr. Røyret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrslar*.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
7. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslar* underskrivast og sendast i retur for endeleg godkjenning.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsla har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrslar* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

### Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslar frå. Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årstdøgntrafikk (ÅDT) er 500. Fylkesvegen er klassifisert til Haldningsklasse 2 streng, jf. Rammepplan for avkøyrslar og byggegrensar (2021 - 2024). Dette betyr at fylkesvegen er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon. I tillegg betyr det at talet på nye avkøyrslar skal vere svært avgrensa. Dersom vi gir løyve til nye avkøyrslar er det med atterhald om at avkøyrslar tilfredsstillar dei tekniske krava i gjeldande vegnormalar.

I utgangspunktet ønsker vi ei justert plassering av avkøyrslar for å unngå at den ligg rett overfor krysset til kommunal veg. Vi har likevel tatt ei ny vurdering av søknaden i lys av dei nye momenta de har presentert. Det gjeld i hovudsak utfordringar med grunnforhold, med terrengforskjellar og ei elv som er demma opp av eldre mur. Vi legg vekt på at de kan oppfylle dei dei tekniske krava til utforming ved omsøkt plassering. Sikttilhøva er også tilfredsstillande. Trafikkmengda på fylkesvegen er ikkje vesentleg, og vi legg til grunn at avkøyrslar ikkje få meir trafikk i framtida enn det som er omsøkt. Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden gir vi løyve til omsøkt tiltak.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med hilsen

**Kari Elster Moen**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Malene Utkilen**  
rådgiver  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevet underskrift*

**Vedlegg**

- 1      Krav til utforming 2022.3140**
- 2      Melding+om+opparbeidd+avkøyrse**

Kopi til:

Osterøy kommune

Rådhuset